

# Haram, Ålesund og samferdsel

I eit innlegg i Nordre 20. januar gir Geir Ove Leite uttrykk for attelet om at det kan bli vanskeleg å få realisert viktige samferdsleprosjekt dersom Haram vert skilt ut frå Ålesund. Han nemner mellom anna Hamnsundsambandet, Vatneidet-Digerneset og Digernesskiftet-Ørskogfjellet. Men dette vil vere fylkeskommunale eller statlege vegprosjekt, og kommunal medverknad vil først og fremst vere å lage planar for områda der vegane skal gå.

Geir Ove Leite har også dårleg tru på at Ålesund vil «stå opp for» Hamnsundsambandet viss ikkje Haram blir verande i

Eit samband som dette vert ikkje vedteke av kommunestyret.



kommunen. For delar av Haram vil dette sambandet korte avstanden til Ålesund sentrum og flyplassen på Vigra monaleg. «Gamlebyen» i Ålesund vil også helse velkomen den direkte linja frå ytre strok inn til sentrum, og sambandet vil knyte heile området tettare saman. Men dersom Ålesund er berre måteleg interessert i Hamnsundsambandet, som Leite antyder, kan sjansen for realisering heller svekkast om Haram blir verande i Nye Ålesund. For kven vil då drive fram prosjektet?


Alt i 1970 tok ei nemnd utgått frå kommunane Haram og Giske til å arbeide med det som då vart kalla Veg/Bru Hamnsund - Valderøy. Det vart lagt fram ein plan med bru og fyllingar i 1971. Dette vart for dyrt, og planen blei skrinlagd. I 1987 (same året som Ålesundstunellane vart opna) behandla Haram formannskap ei sak om fastlandssamband i kommunen og oppnemnde ei styringsgruppe med mellom andre Bjarne Rabben frå Ålesund og Giske bruselskap, Anders Moen frå Statens vegvesen og ordføraren i Haram. Haram kommune løyvde først pengar til eit forprosjekt for tunell Hamnsund - Valderøytunellen og sidan midlar til utarbeiding av ein hovudplan for sambandet.

I 1988 vart så ein plan med fire alternative traséar lagt fram,

men av ulike grunnar kom ikkje arbeidet særleg lengre dei næraste åra. Men i 2005 sette Haram kommune ned ei ny arbeidsgruppe for å prøve å kome vidare med planane. Grappa vart litt seinare utvida med representantar frå Giske og Ålesund kommunar, og etter vedtak i alle tre kommunane blei Hamnsundsambandet AS stifta på kommunehuset i Brattvåg i oktober 2008. For å gjere ei lang historie kortare, kan til slutt nemnast at både Haram og Ålesund i 2018 gjekk inn for ein direkte tunell frå Hamnsund til Kverve på Ellingsøya.

Historia fortel greitt og tydeleg at det var Haram kommune som gjekk i brodden for å få til eit samband over fjorden. Så kan ein spekulere over kvar saka hadde stått i dag om Haram kommune ikkje hadde eksistert, men vore ein bydel i Ålesund denne tida. Det er ikkje sikkert at tanken om eit slikt samband ein gong hadde vore lansert. Eg er overtydd om at Hamnsundsambandet har minst like stor sjanse til å bli realisert med Haram som eigen kommune enn som ein del av Ålesund.

Eit samband som dette vert ikkje vedteke av kommunestyret. Det er ikkje mogleg, sidan det er fylkeskommunen som eventuelt skal bygge det, og staten må godkjenne. Slike prosjekt er ofte avhengig av eldsjeler som arbeider trottig



**INNSENDAR** Knut G. Flem.

Arkivfoto

og tolmodig med å bygge alliansar og overtude viktige instansar om at det er bra og nyttig. Eit godt døme er Nordøyvegen, som Haram arbeidde fram frå starten omkring 1970 til Møre og Romsdal fylke sa ja til prosjektet i 2005 og seinare tok over den vidare prosessen.

Med unntak av statlege og fylkeskommunale vegar i området Moa - Spjelkavik, har det vore heller smått med satsinga på samferdsel i Ålesund dei seinare ti-åra. Sårt tiltrengde vegprosjekt har blitt liggande på vent i årevis. Noko på grunn av ein hestehandel

Høgre og Frp gjorde om ordførarjobben. Prisen for ordførarstillinga var å stenge døra for bompengar på vegprosjekt. Avtalen varte i åtte år (2007-15), og ingenting av betydning skjedde i samferdsla i byen. Først no ser det endeleg ut til at ein «Bypakke» skal kome i orden og løyse noko av dei mest presserande tiltaka. Prisen på Bypakken er om lag fire milliardar kroner. Av dette skal vel 3,1 milliard finansierast med bompengar og resten med statlege og fylkeskommunale midlar.

Ålesund kommune har dårleg økonomi, og så å seie dagleg kan vi lese om nedskjeringar og fortvilte innlegg i avisene i kampen for å unngå dei største skadeverknadene. Dei største postane på alle kommunebudsjett handlar om born og eldre, og sidan det er på desse felta det er mest å hente, kjem dei største nedskjeringane her. Somme optimistar meiner at dette vil «gå seg til» og at økonomien vil betre seg. Men det hjelper lite at byen veks, for med auka folketal veks også talet på unge og eldre. Arbeid og omsorg for born og gamle er «handarbeid» og høver dårleg for digitalisering og automatisering.

**Knut G. Flem**